

Felles og rettleiande kunngjering frå fellesinitiativet for fossilfrie/utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar i Vestland

Utbyggjarane bak initiativet:



BERGEN
KOMMUNE



Bakgrunn:

Bygge- og anleggsplassar nyttar hovudsakeleg fossil energi og står for ein stor del av forureining og klimagassutslepp. I tillegg er dei ei vesentleg kjelde til luftforureining og støy.

I Bergen svarte klimagassutslepp frå dieseldrivne motorreiskap (anleggsmaskinar og traktorar) til 10% av byens totale klimagassutslepp i 2017. Også i Førde utgjorde desse ein stor del av samla klimagassutslepp.

Det har i det siste kome fleire utsleppsfrie løysingar og teknologi til marknaden. Likevel er det per i dag ikkje mogeleg for byggherrar å nytte heilt utsleppsfri teknologi innan transport til og frå byggeplass, byggvarme og byggetørk, eller for anleggsmaskiner på sjølvne byggeplassen. Per i dag er det berre dei mindre maskinane som kjem med utsleppsfrie alternativ. Større maskinar har førebels få alternativ utanom berekraftig fornybar diesel.

Dialog med marknaden og ulike støtteordningar er med på å legge til rette for at utsleppsfrie løysingar kan bli lettare tilgjengelege. Dermed kan det bli realistisk å stille krav om slike løysingar. Dessutan vil føreseielege krav frå oss som sentrale byggherrar gjere at slike utviklingsløp blir mulege. Utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar vil utvilsamt være viktig medverknad frå bransjen for at Norge skal klare sine forpliktingar i Paris-avtalen.

Retning:

Verksemdene i fellesinitiativet for fossilfrie/utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar har ambisjon om utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar. Etter kvart som utslippsfri teknologi og kunnskap blir tilgjengeleg i marknaden vil vi i tråd med ambisjonen stille krav om bruk av

utsleppsfrie teknologiar, prosessar og løysingar knytt til drift av bygge- og anleggsplassar. Verksemdene vil vere pådrivarar for denne utviklinga.

Fellesinitiativet er tilrettelagt av Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Klimapartnere-Vestland og Nasjonalt program for leverandørutvikling.